

# STRANDA KOMMUNE



## ÅRSBERETNING 2019

## Innholdsfortegnelse

<b>Bakgrunn for årsberetninga .....</b>	<b>3</b>
<b>Økonomiske nøkkeltall .....</b>	<b>3</b>
<i>Brutto driftsresultat .....</i>	<i>3</i>
<i>Netto driftsresultat .....</i>	<i>3</i>
<i>Disposisjonsfond .....</i>	<i>4</i>
<i>Bruk av bundne fond .....</i>	<i>4</i>
<i>Frie midlar (skatter og rammetilskott).....</i>	<i>5</i>
<i>Rekneskapsmessig meir- /mindreforbruk .....</i>	<i>5</i>
<i>Likviditet .....</i>	<i>5</i>
<i>Lånegjeld.....</i>	<i>6</i>
<i>Likestilling og diskriminering .....</i>	<i>7</i>
<i>Internkontroll og etisk standard .....</i>	<i>9</i>
Etiske retningslinjer .....	9
Internkontroll .....	9
<b>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap.....</b>	<b>10</b>
<i>Budsjett- og rekneskapsskjema 1A – drift.....</i>	<i>11</i>
<i>Budsjett- og rekneskapsskjema 1B – drift per eining.....</i>	<i>12</i>
<i>Budsjett- og rekneskapsskjema 2A – investering.....</i>	<i>14</i>
<i>Budsjett- og rekneskapsskjema 2B – investering per prosjekt.....</i>	<i>16</i>

## Bakgrunn for årsberetninga

Kommunelova §48 seier at kommunane kvart år skal utarbeide ein årsrekneskap og ei årsmelding. Desse skal utgjere eigne separate dokument som skal handsamast kvar for seg i kommunen sine politiske organ. Kommunelova gir i §48 ein avgrensa oppstilling av kva som skal takast med i hhv. årsrekneskapen og årsmeldinga. Rekneskapsforskrifta gir i tillegg meir utfyllande informasjon om minstekrav til innhald i kommunen sin årsrekneskap og årsmelding.

Foreininga for God Kommunal Rekneskapskikk fastsette den 22. januar 2018 «Kommunal Rekneskapsstandard nr 6». Denne rekneskapsstandarden omhandlar kva som både skal og bør vere med av noter i årsrekneskapen, og vidare kva informasjon som bør gjerast reie for i årsmeldinga. Stranda kommune har som mål å utforme årsrekneskap og årsmelding i tråd med krava i kommunelova, rekneskapsforskrifta og den nyleg vedtekne kommunale rekneskapsstandarden.

## Økonomiske nøkkeltall

§48, punkt 5 i kommunelova seier at ein i årsmeldinga skal gjere reie for tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske situasjon. Dei viktigaste indikatorane som seier noko om kommunen si økonomiske stilling er netto driftsresultat, akkumulert under- / overskot, likviditet, utvikling i lånegjeld og eventuelle særskilde økonomiske hendingar. I det vidare vil ein gå gjennom og vurdere Stranda kommune si stilling på kvar av desse områda.

### Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat visar differansen mellom årets driftsinntekter og årets driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto renter- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar til fond (bundne fond).

Brutto driftsresultat i 2019 ble 9,8 millionar kroner. Resultatet ble 8,8 millionar svakare enn 2018.

### Netto driftsresultat

Tabell 1 syner utviklinga i netto driftsresultat for Stranda kommune dei siste 10 rekneskapsåra.

År	Netto driftsresultat NOK	%
2014	6 176 616	2,00 %
2015	629 960	0,17 %
2016	20 792 937	6,90 %
2017	20 773 085	5,30 %
2018	10 096 677	2,39 %
2019	1 039 907	0,24 %

Tabell 1: Netto driftsresultat i perioden 2014-2019


Netto driftsresultat er det resultatbegrepet som etter kommunal rekneskapsstandard er mest samanliknbart med omgrepet «ordinært resultat» i ei verksemd som fører ein resultatorientert rekneskap.

Teknisk Berekningsutvalg for Kommunal og Fylkeskommunal Økonomi (TBU) held netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat syner kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Utvalet si anbefaling er at netto driftsresultat som heilheit over tid bør vere på om lag 1,75% av brutto driftsinntekter for primærkommunane. Grunnen til at netto driftsresultat over tid må vere positivt er at kommunar fører ein finansielt orientert rekneskap der ikkje alt kapitalslit vert ført som utgift.

Omsett i praktisk politikk for Stranda kommune betyr dette at kommunen i snitt, over eit gitt antal år, ikkje kan ha investeringar som er høgare per år enn gjennomsnittleg netto driftsresultat over det same antal år, dersom kommuneøkonomien skal vere berekraftig på lang sikt.

Tabell 1 syner at netto driftsresultat for Stranda kommune ikkje var høgare enn TBU si anbefaling på 1,75% av brutto driftsinntekter i 2019.

Figur 1 nedanfor gir ei grafisk framstilling av netto driftsresultat i NOK og i prosent av brutto driftsinntekter i 2014 til 2019.



Figur 1: Netto driftsresultat i NOK og i % av brutto inntekter.

### Disposisjonsfond

Dette er kommunens reservefond, og utgjorde ved utgangen av 2019 8,9 millionar kroner, eller 2,08 prosent av brutto driftsinntekter. Ved inngangen til 2019 var det 1,1 MNOK på dette fondet. Fondet vart auka med 7,7 MNOK i 2019.

### Bruk av bundne fond

Når det gjeld bundne fond, er bruk av slike fond i prinsippet utanfor kommunestyrets mynde. Bruk av fondsmidlane med heimel i øyremarka, indisponerte inntekter frå tidlegare år har «heimel» i føremålet med midlane. Det vart brukt 4,0 MNOK frå bundne fond i 2019, ca. 4,4 MNOK lågare enn 2018. Det er starta ei opprydding på dette området, etter pålegg frå revisjonen.

## Frie midlar (skatter og rammetilskott)

2019 vart eit år med betre skatteinngang for Stranda kommune enn forventa. Totale skatteinntekter var 128,5 millionar kroner, mot budsjettert på 122 millionar kroner.

## Rekneskapsmessig meir- /mindreforbruk

Stranda kommune enda opp med eit mindreforbruk på 5,9 MNOK i 2019, om lag 7 MNOK mindre ein 2018.

Stranda Hamnevesen KF ende med 9,5 MNOK i mindreforbruk i 2019, tilnærma same resultat som 2018.

Ved handsaming av rekneskapen for 2019 i juni 2020, er desse midlane til fri disponering. Kommunestyret må kun finansiere opp udekka frå investering på NOK 3.119. 369.

## Likviditet

Omgrepet likviditet er eit uttrykk for evna til å kunne betale løpande utgifter. Ved analyse av ein rekneskap er det vanleg å angi likviditeten ved hjelp av ei likviditetsgrad. Den mest brukte likviditetsgraden er likviditetsgrad 1. Likviditetsgrad 1 er definert som **Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld**. Likviditetsgrad 1 bør vere høgare enn 2 for at ein kan seie at likviditeten er god. Tabell 3 nedanfor syner omløpsmidlar, kortsiktig gjeld og den tilhøyrande likviditetsgrad 1 for Stranda kommune dei siste ti åra. Som ein kan sjå er likviditeten til Stranda kommune, målt ved likviditetsgrad 1, god.

Utover likviditetsgrad 1 finns det også ein likviditetsgrad 2, 3 og 4 som det er vanleg å måle ein balanserekneskap etter. Forskjellen på dei ulike likviditetsgradane er at dei tek utgangspunkt i stadig snevrare definisjonar av kva balansepostar som går inn i omgrepa omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Sidan storleiken av Stranda kommune sine omløpsmidlar ved årsskiftet består av bankinnskot, og sikre fordringar som kan krevjast inn etter Skattelova, vil desse likviditetsgradane ikkje endre på konklusjonen at likviditeten i Stranda kommune er god.

Likviditet er generelt eit noko underkommunisert omgrep i norske kommunar. Bakgrunnen for det er at norske kommunar ikkje kan gå konkurs. Dei vil alltid ha tilgang til eit kredittvindaug for finansiering av løpande betalningar sjølv om kommunekassa skulle gå tom for pengar. Dette er i sterk motsetnad til private føretak som er, i det minste teknisk, konkurs den dagen dei ikkje har omløpsmidlar eller tilgang på kreditt til å dekke løpande krav frå leverandørar.

År	Omløpsmidlar	Kortsiktig gjeld	Likviditetsgrad 1
2014	87 143 982	43 885 047	1,99
2015	109 048 705	45 760 771	2,38
2016	137 868 121	51 665 218	2,67
2017	164 257 584	55 448 863	2,96
2018	171 414 897	61 194 255	2,80
2019	139 245 066	66 230 242	2,10

Tabell 2: omløpsmidlar, kortsiktig gjeld, likviditetsgrad 1

## Lånegjeld

Kommunens totale lånegjeld var ved årsskifte på 682 millionar kroner, ein reduksjon på 20,5 millionar i løpet av året. Ubrukte lånemidlar per 31.12.19 på 48,7 millionar kroner.

En del av den totale gjelda er finansiert av gebyra (vatn og avløp) og formidlingslån (Startlån frå husbanken).

Netto lånegjeld utgjorde ved utgangen av 2019 522 millionar kroner, ei auke på 22,6 MNOK frå året før, eller 4 %. Målt i prosent av kommunens inntekter reduserte brutto lånegjelden med 166 % ved utgangen av 2018, til 158 % ved utgangen av 2019.

Tabell 3 gir ei oversikt over lånegjelda i Stranda kommune i perioden 2016 til 2019.

Netto lånegjeld	2016	2017	2018	2019
Total lånegjeld	730,5	727,5	702,7	682,2
Startlån	-15,6	-13,8	-15,7	-20,8
Vann og avløp	-110,2	-132,9	-144,4	-139,2
Sum netto lånegjeld	605	581	543	522
Endring i netto långjeld		-24	-38	-20

Tabell 3: Lånegjeld

Total lånegjeld eller brutto lånegjeld omfattar alle lån tekne opp av Stranda kommune, men ikkje lån tekne opp av det kommunale føretaket Stranda Hamnevesen KF. Brutto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter angir kor stor andel i prosent brutto lånegjeld utgjør av brutto driftsinntekter. Dette er den indikatoren SSB no nyttar som mål på gjeldsgrad i kommunane.


Formidlingslån er lån som Stranda kommune har teke opp i Husbanken og som vert formidla vidare til private lånetakarar som har utfordringar med å kome seg inn på husmarknaden. Kommunen har ikkje i seg sjølv noko utgifter korkje til avdrag eller renter på desse formidlingslåna. Risikoen ved å administrere formidlingslåna er låg.

År	Total lånegjeld	Drifts-inntekter	Brutto lånegjeld i % av driftsinntekter	Vatn & Avløp	Formidlingslån	Netto lånegjeld	Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter
2016	730 662 155	387 612 444	189 %	110 166 241	15 653 539	604 842 376	156 %
2017	727 574 177	406 749 809	179 %	132 908 892	13 756 912	580 908 373	143 %
2018	702 689 415	422 141 344	166 %	144 399 129	15 708 330	542 581 956	129 %
2019	682 234 505	431 332 276	158 %	139 246 800	20 790 987	522 196 718	121 %

Tabell 4: Lånegjeld

Brutto lånegjeld, med fråtrekk av formidlingslån og VAR, utgjør netto lånegjeld. Som tabell 4 syner var både brutto lånegjeld og netto lånegjeld, som andel av driftsinntekter.

Objektivt sett har Stranda kommune ei særst høg gjeldsgrad. Kommunen er i midlertidig ikkje lenger på topp i Noreg, eller sågar i Møre og Romsdal, målt i gjeldsgrad. Stranda kommune har hatt ein reduksjon i netto gjeldsgrad dei siste årane.



Figur 2: lånegjeld per innbygger

Grafen ovanfor visar totalgjeld og nettogjeld per innbygger. Den visar at lånegjelda peikar ned.

Det skal informerast om forfall neste 12 månadar, og det beløper seg til 226 millionar kroner. Det vil si 34 % av lånegjelda.

Gjennomsnittlig rente på lånegjelda var på 2,37 %.

### Likestilling og diskriminering

Kommunelova §48, punkt 5, seier følgjande om innhaldet i årsmeldinga:

*«Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk».*

Av 424 tilsette i Stranda kommune er 97 menn og 327 kvinner. Tabell 5 nedanfor syner utviklinga i kjønnsfordeling dei siste tre åra.

Antal tilsette fordelt på kjønn 2017		Antal tilsette fordelt på kjønn 2018		Antal tilsette fordelt på kjønn 2019	
Kvinner	319	Kvinner	324	Kvinner	327
Menn	99	Menn	94	Menn	97
Totalt	418	Totalt	418	Totalt	424

**Tabell 5: Antal tilsette fordelt på kjønn 2017-2019. Kjelde lønssystemet, visma HRM. Auken i tilsette er knytt til oppretting av avlastningsbustad (Langlobøen) og forsterking ved Ringstad skule.**

Kommuneleiinga hadde i første del av 2019 2 menn og 3 kvinner. F.o.m. mai 2019 består kommuneleiinga av 2 menn og 4 kvinner. På einingsleiarnivå er det 13 kvinner og 4 menn i 2019. Ein opplever at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går igjen i kommunen; stort sett kvinner i omsorgs- og reinhaldaryrke. Kvinnene overtek og meir i skuleverket/undervisning spesielt på barnetrinnet (1- 7 kl), medan menn er overrepresentert i tekniske stillingar.

Kvinner har i større grad enn menn deltidsstillingar. Ein stor del av deltidsarbeidet er frivillig som følgje av ansvar for små born. I 2019 har ein jobba mykje med heiltid/ deltidsproblematikken. Stranda kommune har i lag med fleire andre kommunar i fylket, delteke på to arbeidsverkstadar om heiltid (eit partsamarbeid om heiltid i Møre og Romsdal ). Det er som følgje av dette utarbeidd interne retningsliner for å redusere andelen uønska deltid i Stranda kommune. Retningslinene skal vedtakast våren 2020, og vil forplikte både leiarar og tillitsvalde på alle nivå. Likevel opplever ein eit kontinuerleg fokus på å redusere andelen av ufrivillig deltid. Når stillingar vert ledige søker ein så langt drifta tillet det å auke opp stillingsstorleiken for dei som ønskjer det. I tillegg vurderer den einskilde einingsleiar jamnleg eigne stillingsressursar og løysningar innanfor eiga eining. Det vert og sett på alternative løysningar på tvers av einingar og fagområde.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik fordelt på kjønn for åra 2017, 2018 og 2019 er gitt i tabell 6 nedanfor. Ein har ikkje tal for året 2018.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2017 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2018 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2019 i Stranda kommune fordelt på kjønn	
Kvinner	80 %	Kvinner	81 %	Kvinner	82 %
Menn	82 %	Menn	82 %	Menn	79 %
Alle	80 %	Alle	82%	Alle	81 %

Tabell 6: Gjennomsnittleg stillingsstorleik. Kjelde: Kommunenes arbeidivarmonitor 2017, 2018 og 2019

I rekrutteringsprosessar er det eit klart ønskje at fleire menn søker til stillingar innan helse/omsorg og barnehage, og tilsvarande at kvinner i større grad søker seg til tekniske stillingar. I røynda handlar det likevel om å få kvalifiserte søkerar, i betydinga både formelt kvalifiserte og personleg eigna til jobben. Kommunen er sjeldan i ein situasjon der ein kan velje det kjønn som er



underrepresentert. Om ein i stillingsannonsa skal oppmode søkjarar frå eitt kjønn særskilt til å søkje vert drøfta med einingsleiar, personalansvarleg og tillitsvalde før utlysning av stilling.

Stranda kommune har vidare gjennomført følgjande tiltak for å fremje likestilling:

- Like moglegheiter til etter- / vidareutdanning.
- Seniortiltak: Tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid, naudsynt kompetanseheving, ekstra fridagar eller tillegg i lønn.
- Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne eller som av andre årsaker har behov for personleg tilpassing.
- Rutinar mot mobbing og trakassering.
- Rutinar for konflikthandtering
- Retningsliner for uønska deltid
- Tilsette i foreldrepermisjon og langtidssjukemeldte vert vurdert på lik linje med andre tilsette i lokale forhandlingar.
- Det vert gitt særskilte tillegg om ein oppdagar urimeleg skeivskap i løn.

Stranda kommune har ikkje eit eige likestillingsutval. Saker innanfor området vert handsama av det partsamansette utvalet (PAU).

### Internkontroll og etisk standard

Etter kommunelova §48, punkt 5, skal det i årsmeldinga gjerast reie for «tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten».

### Etiske retningsliner

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Retningslinene pålegg kommunestyret, rådmannen og einingsleiarane å utvise ein leiarskap basert på høg etisk standard.

Det er nedfelt at det skal orienterast om dei etiske retningslinene ved samlingar for nyttilsette. Alle nyttilsette får i tillegg tilsendt dei til ei kvar tid gjeldande etiske retningsliner. Det skal orienterast om dei etiske retningslinene ved opplæring av folkevalde.

### Internkontroll

Stranda kommune har utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune». Desse retningslinjene vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Det er utforma eige delegasjonsreglement for delegasjon av mynde frå rådmannen til kommunalsjefar, stab- / støttefunksjonen og einingsleiarar i Stranda kommune. Delegasjonsreglementet vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har sett ned eit overordna kvalitetsutval i Stranda kommune. Dokument med utforming av mandat, ansvar og oppgåver for kvalitetsutvalet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll. Det er vidare oppretta kvalitetsgrupper i kvar enkelt eining.

Kvalitetsgruppene er samansett av einingsleiar, verneombod og tillitsvald. Kvalitetsgruppene rapporterar til kvalitetsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Rådmannen har saman med resten av den strategiske leiargruppa i Stranda kommune gjennomført kurs i PLP-metodikk (Prosjekt-Leier-Prosessen) som er ein metode for styring av prosjekt utvikla av Innovasjon Norge. I etterkant av kurset har leiargruppa utforma ei eiga handbok for styring av prosjekt. Handboka er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Stranda kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo som er eit system for melding og handsaming av avvik, samt systematisering og deling av informasjon vedkomande reglement, prosedyrer og rutiner. I 2019 var det 350 avvik, 344 lukka og 6 under handsaming.

Stranda kommune tilsette i 2019 ein HMS rådgjevar i 50% stilling kombinert med 50% stilling som folkehelsekoordinator. HMS rådgjevaren er einingsleiarane si støtte i HMS relaterte oppgåver/problemstillingar. Rådgjevaren er vidare kommunen sin kontaktperson opp mot bedriftshelsetenesta.

Innkjøp er i Stranda kommune delegert frå kommunestyret til rådmannen. Rådmannen har delegert ansvaret vidare til økonomisjefen, som fungerer som innkjøpsansvarleg i kommunen. Økonomisjefen har utforma ei administrativ prosedyre for korleis anskaffingsprosessar skal gjennomførast i Stranda kommune.

## Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap

Ifølgje den omtalte Kommunal Rekneskapsstandard nr. 6 skal det i årsmeldinga bli gjort rede for vesentlege avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B». Standarden seier vidare at årsakene til budsjettavviket har skal forklarast.

Det er noko uklart kva som definerer eit vesentleg avvik. Økonomisjefen har valgt å sette grensa for eit vesentleg avvik på 3% av justert budsjett. Det betyr at berre avvik som er høgare enn 3% vil verte analysert.

Nedanfor er rekneskapsskjemaene gjengitt saman med ei utreiing av avvika der desse overstig **3% av justert budsjett**.

## Budsjett- og rekneskapsskjema 1A – drift

1 STRANDA KOMMUNE - 2019				31.12.2019
	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
<b>Regnskapsskjema 1A - drift</b>				
Skatt på inntekt og formue	128.492.481,00	122.444.000,00	122.444.000,00	127.018.722,00
Ordinært rammetilskudd	151.843.526,86	153.063.000,00	153.063.000,00	145.493.902,00
Skatt på eiendom	15.445.655,32	15.686.525,00	15.686.525,00	15.392.233,79
Andre direkte eller indirekte skatter	192.660,00	299.208,00	299.208,00	171.382,00
Andre generelle statstilskudd	12.920.479,51	9.212.713,00	9.212.713,00	21.812.497,78
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>308.894.802,69</b>	<b>300.705.446,00</b>	<b>300.705.446,00</b>	<b>309.888.737,57</b>
Renteinntekter og utbytte	5.654.979,59	5.447.028,00	5.447.028,00	4.736.744,50
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutg. provisioner og andre fin. utg.	13.241.337,80	12.231.638,00	12.231.638,00	9.895.512,81
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	25.156.642,00	26.000.000,00	26.000.000,00	26.836.180,00
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-32.743.000,21</b>	<b>-32.784.610,00</b>	<b>-32.784.610,00</b>	<b>-31.994.948,31</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	16.790.761,66
Til ubundne avsetninger	8.163.047,00	8.163.047,00	0,00	0,00
Til bundne avsetninger	4.340.919,56	2.439.271,00	2.264.271,00	8.599.442,29
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	12.988.047,04	4.825.000,00	4.825.000,00	15.628.945,15
Bruk av ubundne avsetninger	375.000,00	375.000,00	0,00	4.193.226,00
Bruk av bundne avsetninger	4.014.037,45	9.951.816,00	9.951.816,00	8.459.403,17
<b>Netto avsetninger</b>	<b>4.873.117,93</b>	<b>4.549.498,00</b>	<b>12.512.545,00</b>	<b>2.891.370,37</b>
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	281.024.920,41	272.470.334,00	280.433.381,00	280.785.159,63
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>281.024.920,41</b>	<b>272.470.334,00</b>	<b>280.433.381,00</b>	<b>280.785.159,63</b>

### Kommentarar til avvik i rekneskapsskjemaet:

Skatteinntektene til kommunen i 2019 var 6 millionar kronar høgare enn lagt til grunn i kommunen sitt budsjett. Dette er ei meirinntekt på 4,94 prosent. Avviket føyer seg inn i ein trend vi har sett dei seinare åra med meirskatteinntekt i høve dei anslaga som er gitt i Statsbudsjettet og i prognosemodellen frå KS. Erfaringsmessig veit ein at periodar med høg skattevekst vert avløyst av periodar med lågare, eller ingen, skattevekst. Ein bør difor også for komande år legge anslaga i statsbudsjettet til grunn for skatteinngangen, og ikkje budsjettere med høgare skatteinntekter.

Andre direkte eller indirekte skattar omfattar konsesjonsavgifter frå Stranda Energi AS og Tafjord Kraftproduksjon AS. Avviket på 106.548.- skuldast at inntektene har vært budsjettert for høgt i budsjettet for 2019.

Inntektene frå andre generelle statstilskot var i 2019 3,7 millionar kronar høgare enn budsjettert. Utbetaling av øyremerka midlar og integreringstilskot for flyktningar har vore høgare enn lagt til grunn i budsjettet for 2019.

Renteinntekter og utbytte var i 2019 kr 207.952.- lågare enn budsjettert. Bruk av ubrukte lånemidlar resulterte at ein hadde mindre ledig likviditet på plasseringskonto, og dermed lågare renteinntekter.

Renteutgiftene ble 1 million kronar høgare enn budsjettert. Årsaken er at renta gjekk opp i løpet av 2019, og kommunen har ein stor andel av låneportefølja med flytande rente.

Avdrag på lån vart i 2019 kr 843 358.- lågare enn lagt til grunn i budsjettet. Avviket skuldast at det blei betalt for lite samanlikna med berekning av minsteavdrag for 2019.

Det er sett av 1,8 millionar kroner meir til bundne avsetningar enn lagt til grunn i budsjettet for 2019. Dette er i det vesentlege øyremerka midlar som kommunen har motteke i 2019 etter søknad til statlege organ. Av omsyn til kravet om å vere forsiktig med budsjettering av usikre inntekter vert det i liten grad budsjettert med inntekt frå øyremerka midlar dersom desse må omsøkjast. Avviket må sjåast opp mot avvik med motsett fortegn i neste avsnitt som gjeld bruk av bundne avsetningar.

Det er brukt 5,9 MNOK mindre av bundne avsetningar enn lagt til grunn i budsjettet for 2019. Dette har direkte samband med avviket i førre avsnitt i og med at høgare inntekter frå øyremerka midlar også medfører at ein kan ha høgare utgifter finansiert ved bruk av øyremerka midlar.

### Budsjett- og rekneskapsskjema 1B – drift per eining

Rammeområda / Einingar	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik
	2018	2019	2019	R-B	%
Kommunleiing, stab, FAG	39 412 660	38 755 848	36 135 543	2 620 305	7,25 %
Ringstad Skule	24 774 239	30 109 061	28 905 094	1 203 967	4,17 %
Sunnlyven Skule	9 640 798	9 751 271	10 000 209	-248 938	-2,49 %
Geiranger Skule og Barnehage	6 180 363	5 940 160	6 188 455	-248 295	-4,01 %
Liabygda Skule og Barnehage	4 360 304	3 343 723	2 618 995	724 728	27,67 %
Helstad (Skule og) Barnehage	3 793 068	4 056 214	4 111 086	-54 872	-1,33 %
Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring	17 474 066	17 803 413	18 845 705	-1 042 292	-5,53 %
Ringstad Barnehage	7 512 930	7 775 760	8 110 648	-334 888	-4,13 %
Sunnlyven Barnehage	3 146 533	3 473 948	3 590 051	-116 103	-3,23 %
PP-Kontoret	1 739 282	1 902 034	1 985 672	-83 638	-4,21 %
Stranda Distrikt	58 693 890	60 423 245	59 665 829	757 416	1,27 %
Sunnlyven Distrikt	13 799 280	13 834 887	14 934 344	-1 099 457	-7,36 %
Geiranger Distrikt	4 832 936	4 753 446	5 063 852	-310 406	-6,13 %
Habilitering/Rehabilitering	16 657 560	18 564 972	18 066 281	498 691	2,76 %
Helsetenesta	14 119 598	15 255 431	14 928 337	327 094	2,19 %
Sosialtenesta	6 231 997	7 015 064	11 447 965	-4 432 901	-38,72 %
NAV	1 417 483	2 144 219	1 949 867	194 352	9,97 %
Kultur og fritid	4 588 516	5 141 070	5 184 361	-43 291	-0,84 %
Plan, Miljø, Næring	4 759 806	4 611 156	5 826 339	-1 215 183	-20,86 %
Kommunalteknikk/Brannvern	14 488 088	13 654 157	13 090 941	563 216	4,30 %
Vaktmestertenesta	3 347 464	4 321 966	4 408 074	-86 108	-1,95 %
Hus til utleige	23 234	-41 708	-50 000	8 292	-16,58 %
<b>SUM</b>	<b>260 994 095</b>	<b>272 589 337</b>	<b>275 007 648</b>	<b>-2 418 311</b>	<b>-0,88 %</b>

Tabell 8: Avvik i regneskapsskjema 1B 2019

#### Kommentarar til avvika:

Politisk leiing/Rådmann/Stab/Fag har eit meirforbruk på kr 2.620.305 samanlikna med budsjettet

Ringstad skule har eit meirforbruk på kr 1.203.967 i høve budsjett for 2019. Skulen fekk utvida staben med fire stillingar frå hausten 2019. Behovet for lærarar var der også våren 2019, og dette skuldast avviket. Det var også ein spesiell situasjon i leiinga ved skulen, der rektor gjekk av med AFP i sommarferien og ny vart konstituert i ein overgang.

Utfordring i 2020: Det har vore utført lite vedlikehald på skulen. Dei håpar å kunne bruke midlar på diverse oppussing og mindre prosjekt undervegs i året.

Liabygda skule og barnehage hadde eit meirforbruk på kr 724.728 i høve budsjett for 2019.

Alle andre skulane/barnehagane leverte rekneskap for 2019 med mindreforbruk.

PP-Kontoret har eit mindreforbruk på kr 83.638.- i høve budsjett for 2019. Mindreforbruket skuldast lågare personalkostnader enn lagt til grunn i budsjettet for 2019. Det vart ikkje satt inn vikar grunna sjukefråvær.

Sunnylven Distrikt har eit mindreforbruk på kr 1.099.457.- for rekneskapsåret 2019.

Geiranger distrikt har eit mindreforbruk på kr 310.406,- for rekneskapsåret 2019. Årsaken er at einingsleiar har vore sjukemeldt store delar av 2019, utan at det har vore innleigd vikar.

Avlastingsbustad har eit meirforbruk på kr 291.207,- for rekneskapsåret 2019. Årsaken er differansen mellom budsjettert tilskot og det reelle tilskot på ressurskrevjande tenester frå staten.

Sosialtenesta har eit mindreforbruk på kr 4.432.901.- for rekneskapsåret 2019. Årsaken er følgjande:

- 3060 – Barneverntiltak i og utanfor familie har ikkje hatt så store løpande utgifter som foregåande år, då dei per i dag har færre barn med tiltak. Det er mindre utgifter til fosterheimar og andre kostnads-krevjande tiltak innan familiene. Sjukemeldingar har ført til reduksjon i lønnskostnader i 2019.
- 3064 – Større inntekter enn berekna frå staten. Fleire ute av introduksjonsordninga grunna lønna arbeid eller permisjon grunna fødsel. Nokre har permisjon då dei har midlertidig lønna arbeid. Enkelte av desse vil kome inn igjen i 2020 og har rettar på introduksjonsordning.

NAV har eit meirforbruk på kr 194.352.- for rekneskapsåret 2019.

Plan/Miljø/Næring har eit mindreforbruk på kr 1.215.183.- for rekneskapsåret 2019. Om lag heile mindreforbruket skuldast mindre bruk av konsulenttenester knytt til teneste 5103 Anna fysisk tilrettelegging og planlegging.

Kommunalteknikk/brannvern har eit meirforbruk på kr 563.216,- i høve budsjett for 2019.

Årsaken er to hovedårsaker til meirforbruket:

1. Det er meirforbruk på tjeneste 6110 Vegar og gatar som skyldes høgare kostnader til brøyting enn budsjettert.
2. Det er meirforbruk på tjeneste 6210 Brann og ulykkesvern som i hovedsak skuldast høgare kostnader til utrykking og beredskap.

I tillegg kan ein nemne at kostnader knytt til pensjonsinnskott KLP i flere tenester er vesentleg høgare enn budsjettert. I nokre tilfelle så mykje som 100 000 over budsjett. Dette er vanskelig å ta høgde for.



1 STRANDA KOMMUNE - 2019

31.12.2019

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Regnskapsskjema 2A - investering</b>				
Investeringer i anleggsmidler	52.121.729,74	98.874.743,00	77.530.000,00	21.646.352,14
Utlån og forskutteringer	1.650.000,00	1.000.000,00	1.000.000,00	1.370.500,00
Kjøp av aksjer og andeler	3.119.369,00	1.200.000,00	1.200.000,00	1.165.238,00
Avdrag på lån	1.298.268,00	1.700.000,00	1.700.000,00	1.548.581,50
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger	1.613.170,90	0,00	0,00	0,00
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>59.802.537,64</b>	<b>102.774.743,00</b>	<b>81.430.000,00</b>	<b>25.730.671,64</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	41.714.644,39	83.270.867,00	65.199.000,00	11.610.589,05
Inntekter fra salg av anleggsmidler	46.471,00	0,00	0,00	41.277,00
Tilskudd til investeringer	50.000,00	0,00	0,00	100.000,00
Kompensasjon for merverdiavgift	5.331.500,35	16.303.876,00	13.031.000,00	2.397.801,86
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	8.598.859,90	700.000,00	700.000,00	9.086.862,95
Andre inntekter	0,00	2.500.000,00	2.500.000,00	1.919.975,23
<b>Sum eksternt finansiering</b>	<b>55.741.475,64</b>	<b>102.774.743,00</b>	<b>81.430.000,00</b>	<b>25.156.506,09</b>
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	941.693,00	0,00	0,00	574.165,55
<b>Sum finansiering</b>	<b>56.683.168,64</b>	<b>102.774.743,00</b>	<b>81.430.000,00</b>	<b>25.730.671,64</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-3.119.369,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

Tabell 9: Regneskapsskjema 2A 2019

Kommentarar til avvika:

Linje 1: Investeringar i anleggsmidlar gir brutto utgifter for dei investeringane Stranda kommune har gjennomført i 2019 i anleggsmidlar. I høve budsjett er det eit avvik på totalt kr 46.753.013.- Dvs. at 47,3% av årets vedtekne investeringar i kroneverdi ikkje har vorte gjennomført. Dette må reknast som eit svært stort avvik. Det er grunn til å stille spørsmål om Stranda kommune legg inn for mange investeringsprosjekt i budsjetta sine i høve kva som kapasitetsmessig er mogleg å gjennomføre i løpet av eit år. Avvik for det ein skilde prosjekt vert gjennomgått nedanfor.

Linje 2: Utlån og forskotteringer syner samla sum lånt ut i form av startlån i 2019. Denne vil variere ein del frå år til år, noko som gjer at avvik i høve budsjett her er pårekneleg.

Linje 3: Kjøp av aksjar og andelar syner eigenkapitaltilskot til KLP samt eventuelle andre investeringar i eigenkapital. I tillegg til eigenkapitalinkotet i KLP har Stranda kommune i 2019 kjøpt aksjar i Stranda Eigedomsselskap for kr 2 000 000,- og i Møre og Romsdal Revisjon SA for kr 84 000.

Linje 4: Avdrag på lån i investeringsrekneskapen syner samla avdrag på formidlingslån i Husbanken til vidareformidling som startlån.

Linje 7: Årets finansieringsbehov syner brutto utgifter til alle investeringar i kommunen for 2019. Avviket her oppstår i stor grad som følgje av avviket omtala i kommentaren til linje 1 overfor.

Linje 8: Bruk av lånemidler syner eit avvik på kr 41.556.223.- Dette er eit stort avvik på heile 49,9% og oppstår som ein følgje av at mange av dei budsjetterte investeringsprosjekta for året ikkje er fullførte

eller oppstarta. Avviket syner igjen eit behov for ein meir kritisk gjennomgang av kva investeringsprosjekt det vert løyvd midlar til ved budsjettvedtaket.

Linje 9: Inntekter frå sal av anleggsmidlar omfattar inntekt frå sal av balanseførte eigendelar. For rekneskapsåret 2019 gjeld dette sal av trekkør. Avviket på kr 46.471.- kjem fram fordi ein av omsyn til forsiktig budsjettering ikkje legg inn inntekter frå sal av eigendelar som enno ikkje er kjent.

Linje 10: Tilskot til investeringar syner eit avvik på kr 50.000.- i høve budsjett. Beløpet er eit tilskot frå Stranda revmatikerlag tilknytta symjebassenget til Ringstad skule og oppstår fordi ein av omsyn til forsiktig budsjettering ikkje legg inn tilskot som ikkje er kjende når budsjettet vert vedteke.

Linje 11: Kompensasjon for merverdiavgift syner eit avvik på kr 5.331.500.- Igjen oppstår avviket som følgje av at mange av dei budsjetterte investeringsprosjekta for året ikkje er fullførte eller oppstarta.

Linje 12: Mottekne avdrag på utlån og refusjonar syner eit avvik på kr 8.598.859.- Avviket skuldast følgjande ekstraordinære inntekter:

- Tilskott for omsorgsboligar Kr 2.888.000.-
- Refusjonar frå private (utbyggingsavtalar) Kr 2.399.421.-
- Avdrag startlån over budsjett Kr 2.211.439.-

Linje 17: Bruk av avsetningar syner eit avvik på kr 941.693.- Avviket skuldast bruk av bunde investeringsfond for formidlingslån for å dekkje skilnaden mellom innbetalingar frå låntakarar og avdrag på formidlingslåna til Husbanken.



## Budsjett- og rekneskapsskjema 2B – investering per prosjekt

Linje nr.	Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik	Avvik %
1	1200	UTSTYR DATA	370 923	500 000	-129 077	-25,8 %
2	1212	HEISAR	1 551 493	1 500 000	51 493	3,4 %
3	1213	KOMMUNALE FORMÅLSBYGG - MÅLING	32 800	1 000 000	-967 200	-96,7 %
4	2001	DATAUTSTYR SKULANE	724 196	600 000	124 196	20,7 %
5	2010	SYMJEBASSENG, RINGSTAD 2007	766 680	0	766 680	n.a.
6	2014	RINGSTAD SKULE - BRANNSIKRING	13 167	1 000 000	-986 833	-98,7 %
7	2015	RINGSTAD SKULE - ENØK	88 535	0	88 535	n.a.
8	2023	SUNNYLVEN SKULE - REHABILITERING	836 351	16 500 000	-15 663 649	-94,9 %
9	2051	HELSTAD SKULE - UTVENDIG FORSTØTNINGSMUR	309 121	310 000	-879	-0,3 %
10	3010	OMSORGSSENTER, STRANDA	24 599	0	24 599	n.a.
11	3019	STRANDA DISTRIKT - REHABILITERING SOLBAKKEN	542 383	1 500 000	-957 617	-63,8 %
12	3023	STRANDA DISTRIKT - SIGNALANLEGG	2 475 996	0	2 475 996	n.a.
13	3040	AVLASTNING/SPECIAL-SFO AMBULANSESTASJONEN	3 148 871	4 000 000	-851 129	-21,3 %
14	3100	Bil Dagsenteret (2014)	941 693	0	941 693	n.a.
15	4010	STORFJORD KULTURHUS 2007 (ventillasjon)	274 745	250 000	24 745	9,9 %
16	4012	STRANDAHALLEN 2007	2 079 814	3 150 000	-1 070 186	-34,0 %
17	4022	STORFJORD KULTURHUS - MÅLING	0	1 000 000	-1 000 000	-100,0 %
18	4023	FRILUFTSTRASÈ STRANDAFJELLET	31 696	1 250 000	-1 218 304	-97,5 %
19	4024	NASJONALE TURSTIAR - GEIRANGER	254 100	250 000	4 100	1,6 %
20	4100	KYRKJELEG FELLESRÅD	135 057	380 000	-244 943	-64,5 %
21	5101	GEOVEKST FLYFOTO	180 000	225 000	-45 000	-20,0 %
22	6001	FJERNVARMEANLEGG	485 067	625 000	-139 933	-22,4 %
23	6002	Vegforb. Opplendskedalen/Strynefjell	152 460	0	152 460	n.a.
24	6020	GRUNNKJØP	4 937 044	5 000 000	-62 956	-1,3 %
25	6026	RASVOLL HEGSTAD GÅRD	0	252 000	-252 000	-100,0 %
26	6088	AVLØP SVE-BERGE	71 820	0	71 820	n.a.
27	6093	PUMPESTASJON HELSEMIKA (VAR)	1 674 033	2 250 000	-575 967	-25,6 %
28	6128	BRU STORELVA UTBEDRING	169 820	1 855 637	-1 685 817	-90,8 %
29	6130	ASFALTERING	1 623 711	1 375 000	248 711	18,1 %
30	6134	TRAFIKKTRYGGING	0	428 438	-428 438	-100,0 %
31	6141	UTSTYR BRANNVERN	62 018	0	62 018	n.a.
32	6151	ELVEFOREBYGGING SVEMORKA	35 910	625 000	-589 090	-94,3 %
33	6152	GANGVEG ØDEGÅRD	638 714	1 000 000	-361 286	-36,1 %
34	6153	BRANNBIL - STRANDA	5 180 673	5 148 115	32 558	0,6 %
35	6154	BRANNSTASJON GEIRANGER	375 808	2 000 000	-1 624 192	-81,2 %
36	6170	KJØLEN	80 416	150 000	-69 584	-46,4 %
37	6176	STRANDVEGEN ETERNITTSANERING VAR	10 876 860	7 125 000	3 751 860	52,7 %
38	6177	HEVSDALEN HØGDEBASSENG (VAR)	419 798	228 362	191 436	83,8 %
39	6179	VATN/AVLØP ØDEGÅRD - INDUSTRI	200 235	1 000 000	-799 765	-80,0 %
40	6199	DAM BUVATN/SVARTEVATN	20 328	0	20 328	n.a.
41	6200	Byggefelt Liabygda 2006	5 812 540	8 543 202	-2 730 662	-32,0 %
42	6201	BYGGEFELT HELLESYLT - VEG	0	2 000 000	-2 000 000	-100,0 %
43	6206	KOPANE	221 444	5 928 989	-5 707 545	-96,3 %
44	6207	BYGGEFELT STRANDA - PROSJEKTERING	40 525	1 000 000	-959 475	-95,9 %
45	6232	KRYSS FV60-FURSETRESET	4 260 288	18 925 000	-14 664 712	-77,5 %
Sum			52 121 732	98 874 743	-46 753 011	-47,3 %

Tabell 10: Avvik rekneskapsskjema 2B 2019

Følgjande investeringsprosjekt kor det var løyvd budsjettmidlar for 2019 vart ikkje starta opp i løpet av budsjettåret:

- Prosjekt 4022 Storfjord kulturhus- måling
- Prosjekt 6026 Rasvoll Hegstad gård
- Prosjekt 6134 Trafikktrygging
- Prosjekt 6201 Byggefelt Hellesylt- veg



Linje 1: Prosjekt 1200 - Utstyr data har eit mindreforbruk på kr 129 077.- for året 2019.

Linje 3: Prosjekt 1213- Kommunale formålsbygg – Måling  
Mindreforbruk for 2019 er kr. 967 200,-. Årsaken er at prosjektet ikke startet opp. Kostnad vesentlig over budsjett.

Linje 4: Prosjekt 2001 Datautstyr skulane har eit meirforbruk på 20 prosent.

Linje 5: Prosjekt 2010 - Ringstad Skule symjebasseng syner eit meirforbruk på kr 766 680.- i 2019. Årsaken til meirforbruket er at det måtte skifte duk for å kunne brukast vidare. Nye grupperom var nødvendig for å løyse akutt elevsituasjon. I tillegg vart det behov for to klassesett med pultar/stolar.

Dette var heilt nødvendige investeringar som ikkje stod på budsjettet for 2019.

Utfordring i 2020: På grunn av nøklar som er mistenkt stolne, må vi skifte låssystem. Vi vil få ei utgift på dette på omlag 90 000,- i 2020.

Linje 6: Prosjekt 2014 – Ringstad Skule brannsikring syner eit mindreforbruk på kr 986 833.-. Prosjekt ikke starta, kun vært samtaler med Flo Brannsikring om evt. mulige tiltak.

Linje 7: Prosjektnr. 2015 Ringstad skule -ENØK: Prosjektet må ses i sammenheng med følgende prosjekt: 4012 Strandahallen 2007 og 6001 Fjernvarmeanlegg.

Kommunen utlyste eit fellesprosjekt angående energisparing. Kostnadene er fordelt på flere prosjekt men tilhører same anbud, og summene må ein difor sjå i samanheng.

Totalt budsjett: kr 3 775 000,-

Forbruk 2019: kr 2 653 416,-

Mindreforbruk kr 1 121 584,-

Årsaken er at prosjektet starta opp i 2019 og blir fullført i 2020. Midlar blir overført til 2020.

Linje 8: Prosjekt 2023 – Sunnylvn Skule rehabilitering er forseinka. Prosjektet vert vidareført med nytt budsjett i 2020 og skal avsluttast i 2021.

Linje 11: Prosjekt 3011 Stranda distrikt Rehabilitering Solbakken hadde eit mindreforbruk på 63,8 prosent i 2019.

Linje 13: Prosjekt 3040- Prosjektet er oppbygging av tenesta kommunal avlastningsbustad, Langlobøen, og vil følge inn i 2020.

Linje 15: Prosjekt 4010 Storfjord Kulturhus (ventilasjon) hadde eit meirforbruk på 9,9 prosent.

Linje 16: Prosjekt 4012 Strandahallen 2007, sjå kommentar som gjeld prosjekt 2015 (linje 7).

Linje 17: Prosjekt 4022 Storfjord kulturhus Måling hadde eit mindreforbruk på kr 1 000 000,- i 2019. Årsaken er at prosjektet ikkje vart starta opp i 2019. Midlar blir overført til 2020.

Linje 18: Prosjekt 4023 Friluftstrasè Strandafjellet hadde eit mindreforbruk på kr 1 218 304,-. Årsaken er at prosjektet startet seint hausten 2019 og stoppet opp på grunn av snø. Det blir fullført i 2020, og midlar blir overført.

Linje 20: Prosjekt 4100 Kyrkjeleg fellesråd hadde eit mindreforbruk på 64,5 prosent.

Linje 21: Prosjekt 5101 Geovekst flyfoto hadde eit mindreforbruk på 20 % i høve budsjett. Årsaken er at det vart lavare kostnader enn budsjettert. Prosjektet blir leia av Kartverket på vegne av fleire kommunar i Møre og Romsdal.

Linje 22: Prosjekt 6001 Fjernvarmeanlegg hadde eit mindreforbruk på 22,4 prosent.

Linje 27: Prosjekt 6093 – pumpestasjon Helsemvika VAR syner eit mindreforbruk på kr 575 697 for rekneskapsåret 2019. Årsaken er at prosjekt ikke fullført, blir fullført i 2020 og midler overføres.

Linje 28: Prosjekt 6088 Avløp Sve-Berge hadde eit meirforbruk kr 71 820,- i 2019. Årsaken var at det skulle vært regnskapsavsluttet i 2019 med nødvendige korreksjoner/overføringer fra ubrukte midler i 2018. Prosjektet har gått over flere år, og har løyvinger i mange budsjettår. Arbeidet med regnskapsavslutning ble ikke fullført i 2019 og må skje i 2020.

Linje 28 Prosjekt 6128 Bru Storelva hadde eit mindreforbruk på kr 1 685 817,- i 2019. Årsaken er innkomne tilbud vart vesentleg høgare enn budsjett. Prosjekt utsatt og må vurdere omfang på nytt.

Linje 29 Prosjekt 6130 Asfaltering hadde eit meirforbruk på kr 248 711,- i 2019. Årsaken er at samlepost for flere mindre asfalteringsprosjekt basert på en prioritetsliste vedtatt av Utval for Miljø og kommunalteknikk. Større kostnader knytt til et av asfalteringsprosjekta enn forventa (asfaltering veg til kai Hellesylt). Krevde omlegging av kryss og utvidelse av veg for tilrettelegging for bussparkering.

Linje 30: Prosjekt 6134 Trafikktrygging – Busslomme Storgata 30 hadde eit mindreforbruk kr 428 438,- i 2019. Årsaken var at prosjekt ikkje starta i 2019. Midler overført til 2020.

Linje 31: Prosjekt 6141 Utstyr Brannvern hadde eit meirforbruk kr 62 018,-. Årsaken var at fast sum i investeringsbudsjett her i mange år, men tatt ut i 2019. Utsyr bestilt etter gjeldende avtale i 2018, faktura først i 2019.

Linje 32: Prosjekt 6151 Elveforbygging Svemorka hadde eit mindreforbruk kr 589 090,- i 2019. Årsaken er at prosjektet ikkje vart satt i gang i 2019. Forventa kostnader vesentlig over budsjett. Prosjektet er utsatt.

Linje 33: Prosjekt 6154 Gangvei Ødegård hadde eit mindreforbruk på 36,1 prosent i høve budsjett. Årsaken er at prosjektet vart oppstarta med projektering i 2019, ikke fullført. Midler overføres til 2020.

Linje 35: Prosjekt 6154 Brannstasjon Geiranger hadde eit mindreforbruk kr 1 624 192,- i 2019. Årsaken er at prosjekt vart oppstartet i 2019, og ikkje fullført. Det videreføres til 2020.

Linje 36: Prosjekt 6170 Kjølen hadde eit mindreforbruk kr 69 584,-. Årsaken er at asfalt vart dekket av prosjekt 6110.

Linje 37: Prosjekt 6176 Strandvegen eternittsanering VAR og prosjekt 6178 Vassledning Framhus/Eternittsanering VAR. Disse prosjekta må ses i sammenheng, da eternittsanering tidligere har kun har vært ført på ett prosjekt (6178). Dette har ført til at det ikke har vært god oversikt over kostnadsfordelig på forskjellige anbud. Totalt mindreforbruk kr 5 748 140,- i 2019.

Årsaken er at prosjekta er starta på forskjellige tidspunkt helt tilbake til 2017, og 6178 er fullført, mens prosjekt 6176 ikkje er fullført. Midlar blir overført til 2020, og regnskaps avsluttes.

Linje 38: Prosjekt 6177 Hevsdalen Høgdebasseng VAR hadde eit meirforbruk kr 191 436,- i 2019. Årsaken var høgere kostnader enn budsjettet, grunna tekniske problemer.

Linje 39: Prosjekt 6179 Vatn/avløp Ødegård – Industri hadde eit mindreforbruk på kr 799 765,- i 2019. Årsaken er at prosjektering startet opp i 2019. Ikkje fullført, midlar blir overført til 2020.

Linje 40: Prosjekt 6199 Dam Buvatn/Svartevatn hadde eit meirforbruk kr. 20328,-.  
Årsak: Kostnad fra arbeid utført i 2018, men først fakturert i 2019.

Linje 41: Prosjekt 6200 Byggefelt Liabygda – Veg hadde eit mindreforbruk kr 2 730 662,- i 2019. Årsaken er at prosjekt starta opp i 2019, ikke fullført. Midlar blir overført til 2020.

Linje 42: Prosjekt 6201 Byggefelt Hellesylt – veg hadde eit mindreforbruk kr. 2 000 000,-.  
Årsaken er at prosjektet har startet opp, men genererte ikkje kostnader i 2019. Midlar overført til 2020.

Linje 43: Prosjekt 6206 Kopane har eit mindreforbruk kr 5 707 545,-.  
Årsaken er at prosjektet startet opp hausten 2019 og blir fullført i 2020. Midlar blir overført til 2020.

Linje 44: Prosjekt 6207 Byggefelt Stranda – prosjektering hadde eit mindreforbruk kr 959 475,- i 2019. Årsaken er at prosjekt vart avsluttet i 2019. Ikkje aktuelt å videreføre før ny arealplan er klar.

Linje 45: Prosjekt 6232 Kryss FV60 – Fursetreset hadde eit mindreforbruk kr 14 664 712,-.  
Årsaken er at prosjektet vart startet opp i 2019, forventes fullført i 2020. Midlar er overført til 2020.

Prosjekt 6233 Kryss FV60 – Langøyilia hadde eit mindreforbruk kr. 850 000,-.  
Årsaken er at prosjekt ikkje startet opp. Ikkje vidareført i budsjett 2020.

# **STRANDA KOMMUNE**



**REKNESKAP 2019**

**NOTAR TIL REKNESKAPEN**

Vedteke i Kommunestyret 24.06.2020 – sak xx/20

## Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Økonomiske oversikt drift</b> .....	<b>4</b>
<b>Oversikt investering</b> .....	<b>7</b>
<b>Oversikt balanse</b> .....	<b>10</b>
<b>NOTAR</b> .....	<b>11</b>
<b>Forskriftsmessige noter</b> .....	<b>13</b>
<i>Note 1: Endring i arbeidskapitalen (FKR § 5 nr 1)</i> .....	13
<i>Note: 2 pensjon (FKR §5 nr. 2)</i> .....	14
<i>Note 3: Kommunens garantiansvar (FKR §5 nr. 3)</i> .....	15
<i>Note 4: Fordringer og gjeld til kommunale foretak, bedrifter og samarbeid</i> .....	15
<i>Note 5: Aksjar og andelar i varig eie (FKR § 5 nr. 5)</i> .....	16
<i>Note 6: Avsetnadar og bruk av fond (FKR § 5 nr. 6)</i> .....	17
<i>Note 7: Kapitalkonto (FKR § 5 nr. 6)</i> .....	18
<i>Note 8: Sal av finansielle anleggsmidlar (FKR § 5, nr. 8)</i> .....	19
<i>Note 9: Mellomverande med kommunale føretak</i> .....	19
<b>Øvrige noter iht. God kommunal regnskapsskikk</b> .....	<b>20</b>
<i>Note 10: Investeringsoversikt</i> .....	20
<i>Note 11 - Varige driftsmidlar (anleggsmidlar)</i> .....	21
<i>Note 12 - Godtgjersle til leiande personar og revisjon</i> .....	21
<i>Note 13 - Berekning av minimumsavdrag langsiktig gjeld</i> .....	22
<i>Note 14 – Utvikling i lånegjeld</i> .....	23
<i>Note 15: Momskompensasjon Investering</i> .....	24
<i>Note 16: Brutto og Netto driftsresultat</i> .....	24
<i>Note 17 - Sjølvkostberekning VAR</i> .....	25
<i>Note 18 - Framvekst og inndekking av akkumulert meirforbruk</i> .....	27

## Samandrag

Denne årsrekneskapen omfattar Stranda kommune. Det vert i tillegg avlagt særrekneskap for det kommunale føretaket Stranda Hamnevesen KF. Årsrekneskapen for Stranda kommune og Stranda Hamnevesen KF utgjer tilsaman rekneskapen for Stranda kommune – konsern. Dei to rekneskapane vert politisk handsama separat.

Utover Stranda Hamnevesen KF har Stranda kommune to heileigde aksjeselskap som avlegg eigen rekneskap etter aksjelova; Stranda Energi AS og Stranda Eigedomsselskap AS. Desse vert ikkje konsoliderte inn i konsernrekneskapen.

Stranda kommune hadde eit netto driftsresultat på 1.039.907 i 2019. Dette var ein reduksjon frå eit netto driftsresultat på 10.096.677 i 2018. Driftsrekneskapen omfattar heile kommunen sin verksemd, inkludert sjølvkostområda innanfor vatn, avlaup og renovasjon (VAR).

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på NOK 5.913.025. Dette er ein reduksjon frå eit mindreforbruk på 12.988.047 i 2018. Budsjettert mindreforbruk for 2019 var NOK 0.-

Det er ført avsetnadar til disposisjonsfondet ved avslutning av rekneskapen for 2019 på 8,2 MNOK. Det er ført bruk av disposisjonsfond med NOK 375 000.- i rekneskapen for 2019. Disposisjonsfondet utgjer ved avslutninga av rekneskapen for 2019 8,9 MNOK.

Det vart i 2019 brutto investert for 52,1 MNOK. Budsjetterte bruttoinvesteringar var 98,9 MNOK. Avvik mellom faktisk og budsjettert investering skuldast i det vesentlege prosjekt som ikkje er slutførte i 2019 og der midlane er rebudsjetterte i 2020. Investering ble avslutta med udekket med 3,1 MNOK, årsaken er at det ikkje er lov å finansiere kjøp av aksjar og eigenkapitaltilskott med lån jamfør kommuneloven § 50. Dette må dekkjas opp i drifta i 2020, eller brukast av årets rekneskapsmessig resultat.

Det vart ikkje gjennomført nye låneopptak til ordinære investeringar i 2019. Det er brukt 41,7 MNOK av ubrukte lånemidlar til å finansiere investeringar i rekneskapsåret 2019. Attståande ubrukte lånemidlar er disponert til finansiering av investeringar påfølgjande år. Attståande ubrukte lånemidlar utgjer ved avslutninga av rekneskapen for 2019 knapt 48,7 MNOK.

Stranda, 20. mai 2020

Åse Elin Hole

Rådmann

# Økonomiske oversikt drift



## Økonomiske oversikter

1 STRANDA KOMMUNE - 2019

31.12.2019

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	23.350.969,41	21.525.154,00	21.525.154,00	23.547.395,74
Andre salgs- og leieinntekter	47.606.546,47	45.154.469,00	45.154.469,00	45.037.328,21
Overføringer med krav til motytelse	48.012.664,01	31.189.690,00	23.026.643,00	39.285.708,26
Rammetilskudd	151.843.526,86	153.063.000,00	153.063.000,00	145.493.902,00
Andre statlige overføringer	12.920.479,51	9.212.713,00	9.212.713,00	21.812.497,78
Andre overføringer	3.305.629,76	2.179.268,00	1.061.268,00	4.382.173,99
Skatt på inntekt og formue	128.492.481,00	122.444.000,00	122.444.000,00	127.018.722,00
Eiendomsskatt	15.445.655,32	15.686.525,00	15.686.525,00	15.392.233,79
Andre direkte og indirekte skatter	192.660,00	299.208,00	299.208,00	171.382,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>431.170.612,34</b>	<b>400.754.027,00</b>	<b>391.472.980,00</b>	<b>422.141.343,77</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	233.032.984,32	227.617.276,00	226.890.172,00	222.707.146,33
Sosiale utgifter	52.924.779,07	45.585.394,00	46.312.498,00	49.767.713,95
